

ÅRSMELDING 2025

FOR

MIDSUND SOKN



1. MÅL FOR VERKSEMDA

Soknerådet si oppgåve er uttrykt slik i kyrkjeordninga for den norske kyrkje:

Soknerådet skal ha si verksemd vendt mot alt som kan gjerast for å vekke og nøre det kristne livet i kyrkjelyden, særleg at Guds Ord kan verte rikeleg forkynt, og at sakramenta vert gjeve til sjuke og døyande. Få barn og unge samla om gode formål, døypte vert gjevne dåpsopplæring. Hjelp vert gjeve der det er åndeleg og lekamleg naud.

Sokneråd for perioden 2023 – 2027 sitt:

Medlemer

Medlemar:

Per Steinar Orvik (Leiar)
Daniel Sjøvik (Nestleiar)
Theresa Oyo Adok
Margaretha E. Røberg
Svein Edmund Misund
Margrethe Akselvoll

Vara til soknerådet:

Rolf Heggdal
Åshild Melkeraen
Ottar Håvik

Geistleg representant:

Sokneprest Heidi Kristin Fagersand (permisjon, vår)

Fungerande sokneprest Svein Audun Hatlen (Vikar våren)

KORT OMTALE AV VERKSEMDA,

Sakshandsaming for soknerådet

- Forordna kyrkjelege handlingar
- Diakonalt arbeid i kyrkjelyden
- Konfirmantundervisning, trusopplæring, medarbeidarfostring
- Kyrkjekonsertar, og annet kyrkjelydsarbeid



2. ØKONOMI

2.1 RESSURSBRUK

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Rekneskap 2025	Budsjett 2026
Driftsutgifter	146 902	316 000	342 000	159 000
Driftsinntekter	130 718	305 000	312 835	144 000
Brto driftsresultat	-16 184	-11000	-29 165	-15000
Nto finans	11 728	11 000	18 717	15 000
Nto driftsresultat	-4 457	0	-10 448	0
Sum bruk fond	7 881	0	10 448	0
Regnskapsm. overskudd	3 424	0	0	0

2.2 KOMMENTAR TIL RESSURSBRUK

Rekneskapen til Midsund Sokn viser eit meirforbruk på kr 10.448,- i forhold til driftsbudsjettet. Drifta har stort sett gått som budsjett.

Det er spesielt konfirmantarbeidet som har brukt meir enn budsjetter. Årsaka til meirforbruket er deltakelsen på KonfAction sommaren 2025 som ble dyrare enn planlagt. Gjennom året har vi også hatt aktivitetar som God kveld, Midsund, vigsling av sokneprest og konsert i egen regi som ikkje var budsjett, det har påført oss ekstra kostnader gjennom året. Nedgangen i gjevartenesten har fortsatt i 2025, kr 8200,- kom inn i 2025.

Gjevartenesten vil det bli jobba med i 2026. Inndekkinga av overforbruket i 2025 på kr 10.448,-. Inndekkinga av meirforbruket blir gjort gjennom bruk av bundet fond - Trosopplæringsfondet med kr 10.448,-.

2.3 KONKLUSJON FOR REKNESEKAPEN 2025

Trusopplæring har et mindre forbruk på kr 2.374,- og konfirmantarbeidet viser et meirforbruk på kr 24.984,- i forhold til budsjett. Drift av menigheten hadde et mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 22.610



Det ble innsamla kr 8.419,- til misjonsavtalen vi har med Normisjon, arbeid i Mali og Senegal.

Disposisjonsfondet er ved utgangen av året på kr 338.912,- og bundne fond er på kr 111.180,-. Det bundne driftsfondet er avsetninger til trusopplæring i Midsund.

Offer til egen verksemd er i 2025 på kr 51.602,- det er ei auke frå 2024, då det blei samla inn kr 43.661,- til egen verksemd. Rekneskapen for 2025 har stort sett gått som budsjett.

SOKNERÅDET SINE TOTALE MIDLAR PLASSERT PÅ DISPONIBLE OG BUNDNE FOND PR 31.12.:						
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Bundne driftsfond	121 628	121 628	129 509	129 509	121 628	111 180
Ubundne driftsfond	285 286	296 065	296 258	327 495	338 912	338 912

Takkoffer, innsaml. og gaver	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Offer til andre	40 029	45 077	58416	41942	51 430	42 192
Til eiga verksemd	44 830	21 078	51030	37894	43 661	51 602
Fasteaksjon	12 685	9 129	24312	34263	39 880	40 891
Gåveinnt./gjevarten.	29 550	32 320	35 620	19 000	11 600	8 200

3. GJENNOMFØRT I 2025

3.1 KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

Det er stabile besøkstal til gudstenestene. Gjennom våren blei det, som planlagt, gjennomført færre forordna gudstenester då soknepresten var ute i permisjon.

	2021	2022	2023	2024	2025
Døpte i Midsund sokn	18	13	9	11	15
Konfirmerte i Midsund sokn	20	21	14	24	21
Vigslar i Midsund sokn	3	6	3	1	2
Gravferder i Midsund sokn	20	27	17	19	23
Gudstenester i alt	52	52	50	41	48
Samla tal deltakarar	2206	2774	2616	2955	2913
Av desse:					
Hovudgudsteneste på søn- og helgedagar	43	46	45	31	39
Familiegudstenester/ungdomsgudstenester	10	7	16	6	7
Gudsteneste med nattverd	22	29	31	18	22
Nattverdsgjestar	410	560	443	428	503
Tal gudstenester fordelt mellom gudstenestestadane:					
Otrøy kyrkje	38	34	31	26	29
- skulegudstenester	0	2	2	2	2
- barnehagegudstenester	0	1	1	1	1
Nord-Heggdal kapell	8	11	11	9	11
Søre-Midøy kapell	2	2	2	1	1
Aldersheimen	2	2	2	2	2
Friluftsgudstenester	2	1	1	1	1

Det var to vigslar i soknet i løpet av 2025 og det ble døypt 15 born. Det er små årskull, så det er store variasjonar frå år til år. Talet på konfirmerte i 2025 er 21. Talet på gravferder i løpet av 2025 var 23.

3.2 VEDTAK GJORT I SOKNERÅDET/FELLESÅDET

Det vart halde 7 soknerådsmøter i 2025 der 40 saker vart behandla, mellom anna:

- Val av leiar og nestleiar
- Godkjenning av rekneskap og budsjett for Midsund sokn
- Gudstenestepplan og takkofferliste haust 2025 og våren 2026
- Datoar for gjennomføring og ansvarlege for God kveld. Midsund
- Høyringar
- Endringar i kyrkjerommet i Otrøy kyrkje
- 17 mai feiring i Nord-Heggdal kapell kvart 5 år
- Konsertar i Otrøy kyrkje
- Dugnadar
- Gjevarteneste

3.3 ADMINISTRASJON OG PERSONAL

Stillingar:	Sokneprest (Haust)	Heidi Kristin Fagersand
	Fung. Sokneprest (vår)	Svein Audun Hatlen
	Kyrkjetenar	Kristi Jensen
	Klokkar	Per Steinar Orvik
	Kyrkjelydspedagog	Kari Mette Bull Sylte
	Administrasjonsleiar	Svein Hartvig Pettersson

Arrangement i kyrkjelyden i 2025

Mellom anna har vi arrangert følgjande:

- Konfirmantarbeid som samtalegrupper, Konf-Action, undervisning og gudstenester
- 2 x Supersøndag
- Lys vaken, Tårnagent og Minikonfirmant, babysong osv.
- Torsdagsgudstenester
- Vigsling av sokneprest
- God kveld, Midsund
- Konsertar

3.4. KYRKJEBYGG

Otrøy kyrkje

Det ble montert ny varmepumpe i kyrkja i hausten 2025
Elles har det ikkje vore større oppgraderingar på
Otrøy kyrkje i året som gjekk.

Nord-Heggdal kapell

I 2025 blei austveggen beisa på dugnad.
Det planleggast ny beisedugnad våren 2026 for å beise
vidare. Vi er takknemlege for dugnadsarbeidet som
Nord-Heggdal vel gjer rund kapellet kvar vår.



Søre-Midøy kapell

Kapellet vert eigd av Midøy velforeining.

3.5 KYRKJEGARDANE

Det er ingen større oppgraderingar på kyrkjegardane i 2025.

3.6 KYRKJELYDSARBEIDET/DET FRIVILLIGE ARBEIDET

Midsund Sokneråd vil nytte høvet til å takke og gje honnør til alle leiarar og medhjelparar i barne- og ungdomsarbeidet, alle dei som sit i dei ymse utvala og til de som stiller opp som kyrkjevertar, kakebakarar og til dei som er med på kjøkkenteneste. Dei gjer eit viktig frivillig arbeid i kyrkjelyden. Fleire har vært med i mange år i dette arbeidet, noko det verkeleg står respekt av.

Trusopplæringsarbeidet

Tiltak	Alder	Antall samlingar	Prosentvis deltaking
Babysong	0	4	33 %
Småbarnsgudstj, spisebrikke	0-3	1	29 %
Super søndag! 4 åringar	4	1	75 %
Skaparverket	5	1	41 %
Super søndag! 6 åringar	6	1	79 %
Tårnagent	8	2	86 %
Super søndag! 9 åringar	9	1	43 %
Hausttakkefest, Tidslinja	10	1	33 %
Minikonfirmantar	11	3	86 %
Lys vaken	12	1	71 %
KonfAction	14-15	1	92 %
Konfirmantar vår	21	4 vår	89 %
Konfirmantar, haust	17	4 haust	100 %

Gjennom året har planlagde aktivitetar blitt gjennomført. Det har vore mykje god aktivitet og vi opplever at det er godt oppmøte på arrangementa.

Nytt i 2025 var småbarnsgudsteneste, ei open gudsteneste kor små barn og deira familie var spesielt invitert. Tårningane blei dette året invitert til hausttakkefest, noko som vi ynskjer å gjennomføre neste år også. På hausten starta vi eit samarbeid med Molde kulturskole om babysong. Dette tilbodet er allereie vidareført for 2026.

Kyrkjelyden held fram med å arrangere KonfAction for elevar frå 8. og 9. trinn. Tilbodet gjeld alle, og vi opplever svært god oppslutning om denne leiren. Dette er ei oppleving for livet, med gode aktivitetar, unge forbiletar og solid forkynning. Vi er også takksame for den økonomiske støtta vi får frå næringslivet og Edru Livsstil.

Samarbeid mellom barnehage, skule og kyrkje er godt, det er gjennomført påskevandring, adventsgudstenestar og tur til Veøya for 6. klassane.

Konfirmantane

På hausten 2024 starta eit nytt kull på 21 ungdomar som blei konfirmert våren 2025. Fungerande sokneprest Svein Audun Hatlen tok med konfirmantane som ein del av gudstenesta slik det vart gjort med dei føregåande konfirmantkulla. Det vart òg sett opp 4 konfirmantgrupper med 5 - 6 i kvar gruppe med ein vaksenleiar i kvar gruppe. Under fasteaksjonen stilte konfirmantane opp som bøsseberarar.

Hausten 2025 starta eit nytt kull med 17 konfirmantar. Dette kullet blir følgt opp av kateket Kari Mette Bull Sylte og sokneprest Heidi Kristin Fagersand saman med to frivillige gruppeleiarar.

Konfirmantkulla 2025 og 2026 fekk tilbod om å bli med på Konf-Action i Bø i Telemark i juni 2025. Det var 33 ungdommar som deltok saman med 2 foreldre, kateket og sokneprest. Det blei ei stor oppleving for alle som deltok og de fekk med seg mange gode minner frå denne samlinga.

God kveld, Midsund

God kveld Midsund er eit felles arrangement som ble starta opp i samarbeid med Frivilligsentralen. Det skal være ein møtestad kor ein kan ete saman å få ein god prat. Vi starta opp hausten 2024 og i 2025 har det blitt gjennomført 6 gonger. Møtestaden er på Midsund skule der det blir laga en enkel middag og kaffe, oppmøte har vært stigande og varierer frå 20 – 30 barn og vaksne kvar gong. Det blir annonsert i gudstenestelista i Midsundingen, det skjer i Romsdals budstikke på facebook og med plakatar.

Utvala i soknet

Diakoniutvalet

Her sitt representantar frå soknerådet, frivillige og soknepresten. Utvalets arbeidsoppgåver er fordelt på to linjer. Den eine sørger for bevertning, servering ved kyrkjekaffi og tilsvarende.

Den andre linja er den som soknepresten tar seg av. Soknepresten har andaktar på omsorgssenteret, besøk hos sjuke og døyande i tillegg til samtaler med enkeltpersonar. Det er gjort avtale med Molde kulturskole om å bruke Åshild Melkeraaen som pianist ved andaktene på Omsorgssenteret. Hun og soknepresten fekk halde 20 andaktar på Midsund Omsorgssenter i 2025.

Misjonsutvalet

Misjonsutvalet skal ha fokus på misjonsarbeidet i kyrkjelyden og kyrkjelydens internasjonale engasjement i samarbeid med Normisjon. Soknet har misjonsavtale med Normisjon. Det er fleire ofringar i året som går til prosjekta. Våren 2025 har det blitt gjennomført fleire møter i Nord-Heggdal kapell i samarbeid med Normisjon. I desse møta har det vore fokus på misjon song og matfellesskap.

Utvalet har i 2025 ikkje vore aktivt.

Trusopplæringsutvalet

Utvalet har ansvar for barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden blant barn og unge frå 0 – 18 år, med bl.a. utdeling av bøker. Medlemmane deltek i utforminga av ny plan, samt bidrar aktivt som frivillige for å gjennomføre tiltaka. Utvalet har fire medlemmer.

Gudstenesteutvalet

Det ble gjennomført 48 gudstenester gjennom året, der 7 av gudstenestene spesielt var tilrettelagt for barn og ungdom. I 2024 ble det ein gudsteneste på julaften då soknepresten var ute i permisjon. I 2025 blei det gjennomført to gudstenester igjen, vi ser på besøkstala et det framover skal gjennomførast framover. Soknerådet

ynskja å prøve ut kvardagsgudstenester hausten 2025, det ble prøvd med ein ungdomsgudsteneste og ein småbarnsgudsteneste. Det er også planlagt for våren 2026.

Soknerådet vil sjølv vere gudstenesteutval for perioden 2023 – 2027.

Kyrkjespalte komité

Midsund sokn har eit godt samarbeid med avisa Midsundingen og komitéen sender inn aktuelle artiklar til kvar utgiving av avisa.

Soknerådet sitt medlem i:

Bedehusstyret: Margaretha Røberg

Bibelkontakt: Per Steinar Orvik.

Kirkens SOS-kontakt: Svein Edmund Misund

Kirkens Nødhjelp kontakt: Per Steinar Orvik

